



Haugen Vva AS
Kanalveien 5
5068 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8971 - 23/21352

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
16.03.2023

Avslag på søknad om mellombels bruksløyve - gbnr 445/416 Manger nedre

Administrativt vedtak.	Saknr: 301/23
Tiltakshavar:	Langhøyane AS
Ansvarleg søkjar:	Haugen Vva AS
Søknadstype:	Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

VEDTAK

Søknaden om mellombels bruksløyve for teknisk infrastruktur godkjend i vedtak datert 31.01.2022 vert avslått. Grunngeving går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, jf. Forskrift om saksbehandling (SAK10) § 8.1.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om mellombels bruksløyve for teknisk infrastruktur som er godkjend etablert i vedtak datert 31.01.2022. Søknaden omfatta etablering av veg o_KV17, fortau o_FT14, gangveg f_GOF og vass- og avløpsanlegg for del av Langhøyane bustadfelt.

Søknaden om mellombels bruksløyve omfattar heile tiltaket. Det er opplyst at følgjande arbeid står att:

Veg er grovplanert og kjørbær. Det gjenstår asfaltering, opparbeiding av fortau og asfaltering av fortau og etablering av veglys. Innmåling av veganlegget vil bli utført når det er ferdigstilt. Vann- og avløpsanlegget er ferdig bygget. Det foreligger innmålinger, anlegget er tetthetsprøvd og trykktestet og TV-inspisert innvendig. Vannledning er renset og kloret, og det er tatt vannprøve som viser at vannet har

tilfredsstillende kvalitet. Overlevering av den delen av VA-anlegget som skal overtas til kommunal drift og vedlikehold vil bli gjort når veganlegget er ferdig opparbeidet med fortau og asfalt.

Søknaden har vore på høyring til kommunen si eigedomsavdeling ved Samferdsel, veg, vatn og avløp – forvaltning som rår frå at det vert gitt mellombels bruksløyve.

Det vert elles vist til søknad mottatt 14.02.2023.

VURDERING

Det går fram av plan- og bygningslova § 21-10 at søknadspliktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest som kommunen skriv ut når det ligg føre nødvendig sluttdokumentasjon og erklæring om ferdigstilling frå tiltakshavar eller ansvarleg søkjar. Det går vidare fram av same bestemmelse at kommunen kan gje mellombels bruksløyve for heile eller delar av tiltaket når det står igjen mindre vesentleg arbeid og kommunen elles finn det uproblematisk.

Etter ei heilskapleg vurdering av søknaden finn kommunen at det ikkje kan gjevast mellombels bruksløyve for tiltaket. Det er vår vurdering at tiltaket ikkje i tilstrekkeleg grad er ferdig opparbeidd og at det står att vesentleg arbeid. Veg bør vera asfaltert med eitt lag asfalt og fortau må vera etablert før anlegget kan takast i bruk. Søknaden om mellombels bruksløyve vert avslått.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/8971

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Langhøyane AS

Nøstegaten 56

5011

BERGEN

Mottakarar:

Haugen Vva AS

Kanalveien 5

5068

BERGEN